

Prop. 20 S

(2014–2015)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2014 under Arbeids- og sosialdepartementet

*Tilråding frå Arbeids- og sosialdepartementet 21. november 2014,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Innleiing

Arbeids- og sosialdepartementet legg i denne proposisjonen fram forslag om endringar av løyvingane under enkelte kapittel under programområde 09 Arbeid og sosiale formål, programområde 29 Sosiale formål, folketrygda, programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda, samt enkelte av inntektene for 2014.

Dei reviderte overslaga for folketrygdas utgifter og inntekter i 2014 bygger i hovudsak på tal frå rekneskap per 30. september 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet fremmar forslag om å redusere løyvingane under utgiftskapitla under programområde 09 Arbeid og sosiale formål utanom lånetransaksjonar med 151,8 mill. kroner, å redusere løyvingane under programområde 29 Sosiale formål, folketrygda med 1 227,4 mill. kroner og å auke løyvingane under programområde 33 Arbeidsliv, folketrygda med 80 mill. kroner. Samla gjer Arbeids- og sosialdepartementet framlegg om at løyvingane under utgiftskapitla utanom lånetransaksjonar vert nedsett med om lag 1 299,2 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga for inntekter utanom lånetransaksjonar under inntektskapitla med om lag 37,3 mill. kroner.

2 Forslag under dei enkelte kapitla

Kap. 601 Utgreiingsverksemd, forskning m.m.

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2014 er 62,4 mill. kroner.

Midlar til kunnskapsutvikling i IA-avtalen

I intensjonsavtalen for eit meir inkluderande arbeidsliv 2014–2018 (IA) er partane einige om å leggje større vekt på kunnskapsutvikling, medrekna utprøving og evaluering av verkemiddel. Det er sett av 6 mill. kroner per år gjennom avtaleperioden medrekna 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet har drøfta prioriteringa og bruken av midlane med partane i arbeidslivet. Drøftinga om prioritering og bruk av desse midlane har kome seint i gong. Dette inneber at det i liten grad har vore mogeleg å gjere seg nytte av midlane til kunnskapsutvikling i IA-avtalen i inneverande år.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om at stikkordet «kan overførast» vert knytta til løyvinga på 6 mill. kroner på posten til kunnskapsutvikling i IA-avtalen, jf. romertallsvedtak II. Stikkordet er avgrensa til budsjettåret 2014 og gjeld

berre IA-midlane på posten. Midlane som ikkje nyttast i inneverande år vil verte nytta i 2015.

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2014 er 25,9 mill. kroner.

Det ligg an til eit mindreforbruk av løyvinga i 2014. Mindreforbruket skuldast i hovudsak ei omlegging av EU-programma som medfører lågare kostnader til EU-kontingentar i 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3,4 mill. kroner.

Kap. 604 Utviklingstiltak i Arbeids- og velferdsforvaltningen

Post 45 Større ustyrsanskaffingar, kan overførast

Løyvinga for 2014 er 571,4 mill. kroner.

I Prop. 1 S (2014–2015) varsla departementet at det i samband med proposisjonen til Stortinget om endringer i budsjettet hausten 2014 og budsjettbehandlingen i 2015 ville kome tilbake til eventuelle budsjettkonsekvenser av replanlegginga av Prosjekt 1 og planane for Prosjekt 2 i IKT-moderniseringsprogrammet i NAV. Departementet vil kome tilbake til saka i samband med Revidert nasjonalbudsjett for 2015.

Kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2014 er 11 041,9 mill. kroner.

Arbeids- og velferdsetaten deltek i eID-programmet. Det er tidligare rammeoverført midlar frå kap. 605, post 01 til Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt kap. 540, post 22 for å dekke transaksjonskostnadene i programmet. Rammeoverføringa skal justerast når transaksjonsvoluma for 2014 er klare. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga til Arbeids- og velferdsetaten med 493 000 kroner mot tilsvarende auke i løyvinga under Kommunal- og moderniseringsdepartementet sitt kap. 540, post 22.

Arbeids- og sosialdepartementet er gitt adgang til å omdisponere inntil 40 mill. kroner frå kap. 634, post 76 til kap. 605, post 01, jf. Prop. 1 S (2013–2014) og Innst. 15 S (2013–2014). Omdisponeringsfullmakta er knytta til forsøket med kjerneoppgåver i NAV der det vert lagt opp til at Arbeids- og velferdsetaten i større grad gjennomfører avklarings- og oppfølgingstenester i eigen regi i staden for å kjøpe slike tenester i form av til-

tak frå eksterne leverandørar. Departementet foreslår difor å auke Arbeids- og velferdsetaten si driftsløyving med 40 mill. kroner mot tilsvarende reduksjon i løyvinga under kap. 634, post 76.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer samla framlegg om å auke løyvinga med 39,5 mill. kroner.

Kap. 612 Tilskott til Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Post 22 Sluttoppgjør, overslagsløyving

Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 på post 01 er 8 729 mill. kroner.

Løyvinga for 2014 på post 22 er 0 mill. kroner.

Løyvinga for 2014 på post 70 er 96 mill. kroner.

Post 01 vert foreslått auka med 198 mill. kroner, post 22 vert foreslått løyvt med 2,3 mill. kroner og post 70 vert foreslått auka med 3 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga på kap. 612 med totalt 203,3 mill. kroner.

Auken skriv seg frå fleire årsaker:

- Overslaget over premieinntekter (arbeids-givarpremie og medlemsinnskott) er redusert med 176 mill. kroner. Reduksjonen skriv seg mellom anna frå manglande sluttmelding av medlemmer og sein rapportering av medlemsdata i samband med fakturering av 1. termin 2014. Dette resulterte i at overslaget i Revidert nasjonalbudsjett 2014, som var basert på fakturert premie for 1. termin, vart for høgt.
- Oppdaterte overslag for utbetalte pensjonar (alderspensionar, uførepensionar og etterlatnepensionar) er auka med 100 mill. kroner. Overslaget er basert på faktisk utbetalte pensjonar pr. september 2014 og prognose ut året. Auken skriv seg mellom anna frå at det i tidlegare budsjettframlegg for 2014 er berekna for høg effekt av innsparingstiltaket i samband med at det ikkje er behov for løyving til dette i 2014. At pensjonar under utbetaling vert regulert med lønnsauken og deretter fråtrekt 0,75 prosent. Dette skuldast at det vart fråtrekt 0,75 prosent både i Saldert budsjett 2014 og i framlegget i forbindelse med trygdeoppkjøret 2014. I motsett retning viser oppdaterte overslag at utbetalningar av refusjonar til andre ordningar i samband med etterbetaling av etterlatnepensjon til enkemenn.
- Oppdaterte overslag for utbetalte AFP-pensjonar er redusert med 100 mill. kroner. Oversla-

get er basert på faktisk utbetalte AFP-pensjoner pr. august 2014 og prognose ut året.

- Oppdaterte overslag for avskrivingar er auka med 18 mill. kroner. Overslaget er basert på avskrivingar pr. august 2014 og prognose ut året. Auken skriv seg mellom anna frå gjennomgang av fleire tidlegare feilutbetalingsaker.
- Det vert foreslått løyvt 2,3 mill. kroner til sluttoppgjær på post 22. Overslaget gjelder utbetaling av sluttoppgjær for Arrive AS på 2,3 mill. kroner.
- Andre endringar fører med seg ein netto auke av løyvingsforslaget med 7 mill. kroner.

Kap. 613 Arbeidsgivaravgift til folketrygda

Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 på er 1 191 mill. kroner.

Posten gjeld berekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnskottet og for medlemsinnskottet for statsforvaltninga, for verksemder som ikkje er pålagde å betale arbeidsgivardel og medlemsinnskott direkte til Statens pensjonskasse. Nytt overslag på posten er redusert med 113 mill. kroner. Dette skuldast i hovudsak at avslutta stillingsforhold var inkludert i overslaget i Revidert nasjonalbudsjett for 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 113 mill. kroner.

Post 70 For andre medlemmer av Statens pensjonskasse, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er 13 mill. kroner.

Posten gjeld berekna arbeidsgivaravgift for arbeidsgivardelen av pensjonsinnskottet og for medlemsinnskottet for andre medlemmer i Statens pensjonskasse som ikkje betaler slikt innskott direkte til Statens pensjonskasse. Nytt overslag på posten er redusert med 1 mill. kroner, jf. omtale under kap. 613, post 01.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Driftsutgifter

Løyvinga for 2014 er 75 mill. kroner.

Nytt overslag på posten baserer seg på føresetnader om færre behandla søknader i bustadlåne-

ordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 90 Utlån, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er 29 800 mill. kroner.

Oppdaterte overslag for utbetalte lån i 2014 er redusert med 2 400 mill. kroner. Reduksjonen skuldast i hovudsak at talet på innkomne søknader er redusert samanlikna med overslag i Revidert nasjonalbudsjett for 2014. I motsatt retning viser oppdaterte overslag at gjennomsnittleg utbetalt beløp har auka.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 2 400 mill. kroner.

Kap. 3614 Bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 01 Gebyrinntekter, lån

Løyvinga for 2014 er 67 mill. kroner.

Nytt overslag baserer seg på føresetnader om redusert volum i bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse, jf. kap. 614, post 90 og kap. 3614, post 90.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 3 mill. kroner.

Post 90 Tilbakebetaling av lån

Løyvinga for 2014 er 10 600 mill. kroner.

Nytt overslag skyldast ein auke i talet på innfridde lån og ein auke i størrelsen på gjennomsnittleg innfridd beløp.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1 900 mill. kroner.

Kap. 5607 Renter av bustadlåneordninga i Statens pensjonskasse

Post 80 Renter

Løyvinga for 2014 er 2 461 mill. kroner.

Nytt overslag har samanheng med reduksjon i hovudstol og lågare rentenivå for november og desember 2014 enn det som vart lagt til grunn i Revidert nasjonalbudsjett 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 100 mill. kroner.

Kap. 615 Yrkesskadeforsikring*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2014 er 109 mill. kroner.

Løyvingsforslaget er redusert med 11 mill. kroner til 98 mill. kroner. Overslaget er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2014 og prognose for utbetalningar ut året.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 11 mill. kroner.

Kap. 3615 Yrkesskadeforsikring*Post 01 Premieinntekter*

Løyvinga for 2014 er 154 mill. kroner.

Inntektsoverslaget er auka med 3 mill. kroner til 157 mill. kroner. Overslaget er basert på fakturert premie i 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 616 Gruppelivsforsikring*Post 01 Driftsutgifter, overslagsløyving*

Løyvinga for 2014 er 178 mill. kroner.

Løyvingsforslaget er auka med 4 mill. kroner til 182 mill. kroner. Overslaget er basert på utbetalte erstatningar så langt i 2014 og prognose for utbetalningar ut året. Utbetalte gruppelivserstatningar varierer frå år til år og er mellom anna avhengig av kor mange prioriterte etterlatne avdøde har.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 3616 Gruppelivsforsikring*Post 01 Premieinntekter*

Løyvinga for 2014 er 97 mill. kroner.

Oppdatert inntektsoverslag er auka med 8 mill. kroner til 105 mill. kroner. Overslaget er basert på fakturert premie i 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 8 mill. kroner.

Kap. 2470 Statens pensjonskasse*Post 24 Driftsresultat*

Løyvinga for 2014 er -22,632 mill. kroner.

Forslaget til justering av driftsresultatkravet skuldast reduksjon av underpost 24.4 Renter av

statens kapital frå 18,578 mill. kroner til 15,887 mill. kroner.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under post 24 med 2,691 mill. kroner.

Kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak*Post 21 Evaluering, utviklingstiltak mv., kan overførast*

Løyvinga for 2014 er på 60,4 mill. kroner.

Ordninga med funksjonsassistanse vart flytta til kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet i Saldert budsjett 2014. Rekneskapsmessig etterslep frå aktivitet i 2013 er rekneskapsført under kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet, men ligg inne i løyvinga under kap. 634, post 21.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634, post 21 med 7 mill. kroner, mot ei tilsvarande auke under kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet.

Post 60 Arbeids- og utdanningsreiser i Oslo, kan nyttast under post 78

Løyvinga for 2014 er på 23,8 mill. kroner.

Det ligg an til eit mindreforbruk av løyvinga i 2014. Mindreforbruket er knytt til færre utbetalningar på ordninga enn lagt til grunn for løyvinga.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634, post 60 med 5,6 mill. kroner.

Post 76 Tiltak for arbeidssøklarar, kan overførast

Løyvinga for 2014 er på 6 184, 3 mill. kroner.

Utfordringar i tiltaksgjennomføringa i 2014

Løyvinga på kap. 634, post 76 og 77 gjer rom for å gjennomføre om lag 12 000 plasser for ledige og om lag 57 700 plassar for personar med nedsett arbeidsevne, der 9 200 plasser finansierast under kap. 634, post 77. I tillegg er det avsett midlar til 400 plasser til forsøket med lønnstilskott for arbeidsgivarar som tilset personar med rett til arbeidsavklaringspengar, jf. Prop. 1 S (2013–2014) og Prop. 1 S Tillegg 1 (2013–2014) for Arbeids- og sosialdepartementet.

Til grunn for løyvinga i 2014 låg det ein reduksjon på 4 000 tiltaksplassar for ledige og ein auke på 3 000 plasser for personar med nedsett arbeids-

evne samanlikna med 2013. Tiltaksgjennomføringa hittil i år avviker frå dette, med fleire gjennomførte plasser for ledige og færre plasser for personar med nedsett arbeidsevne. Avvika har samanheng med at det har vist seg meir krevjande enn venta å gjennomføre endringane. Målet om å gjennomføre det planlagde tiltaksnivået vil derfor ikkje bli nådd for året sett under eitt. Det ventes ein samla produksjon under kap. 634, post 76 på om lag 3 000 tiltaksplassar under måltallet i 2014. Utfordringane i tiltaksgjennomføringa er også omtalt i revidert nasjonalbudsjett for 2014, jf. Prop. 93 S (2013–2014) og Innst. 260 S (2013–2014).

Mindreforbruk av løyvinga i 2014

Behovet for utbetalingar for rekneskapsmessig etterslep frå aktivitet i 2013 som kom til utbetaling først i 2014, vart mindre enn lagt til grunn for løyvinga. Dette er hovudårsaka til mindreforbruket på løyvinga.

I Prop. 1 S (2013–2014) gav Stortinget Arbeids- og sosialdepartementet åtgang til å omdisponere inntil 40 mill. kroner frå kap. 634 Arbeidsmarknadstiltak, post 76 Tiltak for arbeidssøkjjarar til kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 01 Driftsutgifter. Fullmakta er knytt til forsøket med kjerneoppgåver i NAV. Omdisponeringsfullmakta vil bli nytta i sin heilskap.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga under kap. 634, post 76 Tiltak for arbeidssøkjjarar med 216,3 mill. kroner. Dette inkluderar 40 mill. kroner som omdisponerast frå kap. 634, post 76 Tiltak for arbeidssøkjjarar til kap. 605 Arbeids- og velferdsetaten, post 01 Driftsutgifter.

Post 77 Varig tilrettelagt arbeid, kan overførast

Løyvinga for 2014 på post 77 er på 1 207,8 mill. kroner.

Det vart overført eit mindreforbruk på 36,7 mill. kroner frå 2013 til 2014. Arbeids- og velferdsdirektoratet har vurdert at det ikkje vil vere behov for desse midla i inneverande år. Løyvinga vil etter dette vere tilstrekkeleg for å kunne gjennomføre ei gjennomsnittleg mengd tiltaksplasser på 9200 i 2014. Dette tilsvare planlagt nivå.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 36,7 mill. kroner.

Post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet

Løyvinga for 2014 er på 36 mill. kroner.

Rekneskapsmessig etterslep frå aktivitet som gjennomføres i 2013, men som ikkje kjem til utbetaling før i 2014 er rekneskapsført under post 79, men lagt inn i løyvinga under kap. 634, post 21 Evaluering, utviklingstiltak mv., jf. omtale under post 21 ovenfor.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga under kap. 634, post 79 Funksjonsassistanse i arbeidslivet med 7 mill. kroner, mot at løyvinga under kap. 634, post 21 Evaluering, utviklingstiltak mv. reduserast tilsvarende.

Kap. 642 Petroleumstilsynet

Post 21 Spesielle driftsutgifter

Løyvinga for 2014 på post 21 er 23,8 mill. kroner.

Løyvinga dekkjer blant anna reisekostnader o.a. som Petroleumstilsynet har i samband med NORAD si verksemd. Desse utgiftene vert refundert på kap. 3642, post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Utgiftene på posten kan overstige løyvinga mot tilsvarende meirinntekt på kap. 3642, post 02. Behovet for ei auka løyving er hovudsakeleg knytta til eit høgare aktivitetsnivå enn forventta for Petroleumstilsynet si oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Det er vidare endringar på posten knytte til innføring av statlege rekneskapsstandardar (SRS) i Petroleumstilsynet frå 1. januar 2012. Dette fører mellom anna til at alle kostnader og inntekter knytte til NORAD-prosjekta no vert bokført via inntekts- og kostnadskontoar etter SRS, og slik vert synleggjort i statsrekneskapen. Dette gjer til at inntektene på posten aukar som følge av at dei samla inntektene frå NORAD vert ført mot post 02. Utgiftene under post 21 vil også auke som følge av at utlegga vert ført mot post 21.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 4,6 mill. kroner mot ei tilsvarende auke på kap. 3642, post 02.

Kap. 3642 Petroleumstilsynet

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsverksemd

Løyvinga for 2014 på post 02 er 0,9 mill. kroner.

Posten omfattar refunderbare timar som Petroleumstilsynet sine tilsette vil utføre og reisekostnader o.a. knytte til NORAD si verksemd.

Petroleumstilsynet kan overskride løyvinga på kap. 642, post 21 mot tilsvarende meirinntekter på denne posten. Behovet for ei auka løyving er hovudsakleg knytta til eit høgare aktivitetsnivå enn forventa for Petroleumstilsynet si oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Det er vidare endringar på posten knytte til innføring av statlege rekneskapsstandardar (SRS) i Petroleumstilsynet frå 1. januar 2012. Det vises til omtale under kap. 642, post 21.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 4,6 mill. kroner, mot ei tilsvarende auking på kap. 642, post 21.

Post 03 Gebyr tilsyn

Løyvinga for 2014 på post 03 er 48,5 mill. kroner.

Posten omfattar gebyr for Petroleumstilsynet sine tilsyn med helse, miljø og sikkerheit i petroleumssektoren.

Prognosar viser at det vil bli auka inntekter på posten på om lag 17,1 mill. kroner for 2014. Dette skuldast mellom anna inntekter utfakturert i 2013, som ikkje vart innbetalt ved forfall. Petroleumstilsynet forsøkte i 2013 å innføre fakturering med kredittid på 21 dagar, mot tidlegare 30 dagar, mellom anna for å redusere forskyvinga av inntektene mellom kalenderåra. Då næringa ikkje kunne klare å omstille seg til ein slik praksis, er ordninga no reversert. Forskyvingar av inntekter mellom gebyr og sektoravgift gjer også til at gebyrinntektene for 2014 aukar.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 17,1 mill. kroner.

Kap. 646 Pionerdykkarar i Nordsjøen

Post 72 Tilskott, kan overførast

Løyvinga for 2014 på post 72 er 3,2 mill. kroner.

Eit samla Storting slutta seg i juni 2014 til ei verdig politisk avslutning i nordsjødykkarsaka, jf. Prop. 88 S (2013–2014) og Innst. 273 S (2013–2014).

Offshore-dykkerunionen (ODU) har no fremma søknad om å få dekt utgifter knytt til å fremme dykkarane si sak. Desse utgiftene vert føreslått dekkja sjølv om saka er avslutta, jf. Prop. 88 S (2013–2014). Det vert vist til at det tidlegare (Revidert nasjonalbudsjett 2004 – jf. vedtak i Innst. S. nr. 37 (2003–2004)) vart gitt ei løyving til å dekke slike dokumenterte utgifter for andre pionerdykkarar frå Nordsjødykkeralliansen (NSDA) og personar som har medverka til at pionerdykkarane sin innsats er blitt kompensert og heidra.

Arbeids- og sosialdepartementet føreslår ei løyving på 2,5 mill. kroner på kap. 646, post 72 revidert nasjonalbudsjett til å dekke dokumenterte utgifter som pionerdykkarane har hatt for å fremme si sak.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2,5 mill. kroner.

Kap. 660 Krigspensjon

Post 70 Tilskott, militære, overslagsløyving

Løyvinga er på 125 mill. kroner.

Posten vert oppjustert med 2 mill. kroner som følgje av mindre justeringar i overslaga for utgifter til militær krigspensjon.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

Post 71 Tilskott, sivile, overslagsløyving

Løyvinga er på 306 mill. kroner

Posten vert nedjustert med 1 mill. kroner som følgje av mindre justeringar i overslaga for utgifter til sivil krigspensjon.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

Kap. 664 Pensjonstrygda for sjømenn

Post 70 Tilskott

Løyvinga for 2014 er på 81 mill. kroner.

Tilskott til Pensjonstrygda for sjømenn skal dekke delar av betalingane til pensjon etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 og underskot i pensjonstrygda i samsvar med staten sitt garanti-ansvar. Pensjonstrygda for sjømenn vil gå med overskot i 2014 og vil ikkje ha behov for ytterlegare midlar som følgje av staten sitt garantiansvar.

Overslaget for tilskott for ytingane som vert dekte av statstilskottet etter trygdelova for pensjon for sjømenn § 15 er oppjustert med 3 mill. kroner. Auken skuldast stort sett ei oppjustering av overslaget for gjennomsnittleg yting.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 3 mill. kroner.

Kap. 666 Avtalefesta pensjon (AFP)

Post 70 Tilskott, overslagsløyving

Løyvinga er på 1 683 mill. kroner

I overslaga er det skilt mellom AFP etter reglane som var gjeldande til og med 2010, og dei

nye reglane som gjeld for alle arbeidstakarar som tok ut AFP med verknadstidspunkt tidlegast 1. januar 2011.

Overslaget vert justert ned hovudsakleg som følge av at gjennomsnittleg yting til mottakarar av gammal AFP ser ut til å bli lågare enn lagt til grunn i vedtatt budsjett. Det er elles gjort mindre justeringar i overslaga for gjennomsnittleg yting etter gammal AFP og gjennomsnittleg yting og gjennomsnittleg tal på mottakarar av ny AFP.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 13 mill. kroner.

Kap. 667 Supplerande stønad til personar over 67 år

Post 70 Tilskott, overslagsløyving

Løyvinga er på 429 mill. kroner.

Talet på mottakarar og gjennomsnittleg yting ser ut til å bli litt lågare enn forventa

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Kap. 2541 Dagpengar

Post 70 Dagpengar, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er 11 400 mill. kroner.

Med grunnlag i utbetalingane av dagpengar så langt i år gjer Arbeids- og sosialdepartementet framlegg om å auke løyvinga med 100 mill. kroner.

Kap. 5705 Refusjon av dagpengar

Post 01 Refusjon av dagpengar, statsgaranti ved konkurs

Løyvinga for 2014 er 60 mill. kroner.

Med grunnlag i talet på refusjonar så langt i år gjer Arbeids- og sosialdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5 mill. kroner i 2014.

Post 04 Refusjon av dagpengar for grensearbeidarar mv. busett i Noreg

Løyvinga for 2014 er 6 mill. kroner.

Med grunnlag i talet for refusjonar av dagpengar for grensearbeidarar så langt i år gjer Arbeids- og sosialdepartementet framlegg om å redusere løyvinga med 5,5 mill. kroner.

Kap. 2542 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv.

Post 70 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs mv., overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er 780 mill. kroner.

Hittil i 2014 viser talet på nye konkursar ein auke på 3 pst. samanlikna med same periode i fjor.

Både talet på konkurs og talet på saker inn til lønnsgarantiordninga har auka mindre enn først venta. Ved siste overslag (Revidert nasjonalbudsjett) hadde talet på saker auka med 12,5 pst. Hittil i år er det no kome inn 1 739 saker, ei auke på 7,3 pst. frå i fjor.

Det er samstundes ein reduksjon i talet på tilsette som er omfatte av konkursane. I første halvår 2014 er det ein reduksjon på 23,7 pst. samanlikna med same periode i fjor. Det er fråleis venta at talet på saker til handsaming i NAV Lønnsgaranti held seg relativt høgt ut året.

Det er slik samla sett venta ein lågare utgifter enn lagt til grunn i gjeldande budsjett.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Kap. 5704 Statsgaranti for lønnskrav ved konkurs

Post 02 Dividende

Løyvinga for 2014 er 180 mill. kroner.

I 2013 var innbetalingane på 165 mill. kroner. Dette var ein reduksjon på 19,2 pst. samanlikna med 2012. Dekkingsgraden var høg i 2012, men vart sterkt redusert i 2013. Hittil i 2014 er innbetalingane nær 49 pst. høgare enn i fjor.

Det er slik venta ein sterkare vekst i innbetalingane enn sist lagt til grunn.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 33 mill. kroner.

Kap. 2620 Stønad til einsleg mor eller far

Post 70 Overgangsstønad, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er på 2 469 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser at utbetalinga til overgangsstønad bør justerast noko samanlikna med Saldert budsjett 2014.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 1 mill. kroner.

Post 72 Stønad til barnetilsyn, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er på 375 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser færre mottakarar og lågare gjennomsnittleg stønad enn tidlegare anslått. Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 10 mill. kroner.

Post 73 Utdanningsstønad

Løyvinga for 2014 er på 58 mill. kroner.

Utviklinga så langt i år viser færre mottakarar enn tidlegare anslått.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å redusere løyvinga med 4 mill. kroner.

Post 76 Forskottering av underhaldsbidrag

Løyvinga for 2014 er på 755 mill. kroner.

Talet på mottakarar ser ut til å bli litt høgare enn venta.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 10 mill. kroner.

Kap. 2650 Sjukepengar mv.*Post 70 Sjukepengar for arbeidstakarar mv., overslagsløyving*

Løyvinga for 2014 er 33 760 mill. kroner.

I Prop. 93 S (2013–2014) er det lagt til grunn nullvekst i talet på trygdefinansierte sjukepengedagar per sysselsett frå 2013 til 2014.

Arbeids- og velferdsdirektoratet sin statistikk over sjukefråveret og rekneskapen til og med september 2014 tilseier fortsatt ein nullvekst i talet på sjukepengedagar per sysselsett frå 2013 til 2014. Arbeids- og sosialdepartementet legg i 2014 til grunn ein vekst i sjukepengesgrunnlaget på 3,3 pst., jf. Prop. 93 S (2013–2014). Samstundes vert det lagt til grunn ein vekst i sysselsetjinga på 0,9 pst., som er noko høgare enn tidlegare lagt til grunn. Dette inneber samla sett noko høgare sjukepengeutbetalingar i 2014 enn det ein rekna med tidlegare i år.

Arbeids- og sosialdepartementet gjer framlegg om å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

Post 71 Sjukepengar for sjølvstendige, overslagsløyving

Løyvinga for 2014 er 1 640 mill. kroner.

Det trygdefinansierte sjukefråveret for sjølvstendige er venta å bli noko lågare enn det som er lagt til grunn for løyvinga.

